



# Folk først!

Venstre er det sosialliberale partiet i Osterøy kommune. Me ønskjer å kombinera personleg fridom med ansvar for fellesskapet og kvarandre. System skal tene folk, og ikkje motsett - derfor set Venstre folk først. Stat og myndighet skal vere upartisk og sterkt, men likevel avgrensa. Med det meiner me at det offentlege skal sikre fridom for alle, men utan å ta frå oss vårt personlege ansvar.

Alle er likeverdige, men ingen er like. At folk tek ulike val for liva sine er ein verdi i seg sjølv, og fremjar toleranse og respekt. Samtidig har me ansvar for fellesskapen, og for ikkje å gjere val som innskrenkar andre sine liv på ein negativ måte. Liberalismen er positiv, og har tru på det gode i menneska. Venstre er alltid opne for å diskutere andre måtar å løyse problem på - til beste for fellesskapen og for enkeltindividet.

Osterøy Venstre vil jobbe for at innbyggjarane i størst mogleg grad har fridom og høve til å skape sin eigen veg til det gode livet, der me tek ansvar for kvarandre og miljøet.

For at kommunen skal kunne legge til rette for det gode liv, må der finnast økonomisk handlingsrom. Osterøy Venstre ønskjer ein bærekraftig økonomisk politikk som kombinerer fridom, velferd og verdiskaping. Eigedomsskatt er innført som ei viktig mellombels ordning for å betre økonomien. Venstre vil vurdere denne på nyt så snart kommunen er ute av ROBEK-lista.



# Barnehage og skule.

---

*Mål: styrke barnehagetilbodet og sikre ein god skule for alle born.*

*Grunnlag: alle born er likeverdige, men ingen born er like.*

Osterøy Venstre vil jobba for eit førebyggande samarbeid mellom barnehage, skule, PPT, politi og barnevern for å styre innsatsen i rett retning så tidleg som mogleg, før problema vert alvorlege. Skulehelsetenesta er svært viktig og må styrkast. Me ser det som viktig at skuleeigar ser ansvaret for eit godt miljø på skulen, ikkje berre når det gjeld det psykososiale, men også når det gjeld inneklima, fysiske rom og uteområde.

Barnehagetilbodet er svært viktig for både verdiskaping i kommunen og likestilling mellom kjønna. Osterøy Venstre vil jobbe for at det vert fleire barnehageplassar i kommunen, og meiner at talet på både private og offentlege plassar må aukast. Læring gjennom leik er svært viktig for born si utvikling, og bør vere det primære fokus i planlegging av barnehagar. Gode uteområde, og lett tilgang til friluftsareal vil vere viktig for Osterøy Venstre.

Ein liberal skulepolitikk legg til grunn at ingen elevar er like, og at alle skal sikrast eit likeverdig tilbod. Osterøy Venstre ønskjer ei tilpassa opplæring der kvar elev sine evner er utgangspunktet. Den offentlege skulen skal vere ryggraden, men barneskular kan vere eit supplement. Dei gjev auka valfridom for foreldre og elevar, og kan vere ei god tilpassing for nokre.

Læraren som fagperson er heilt sentral i skulen. Me vil at lærarane våre skal ha tid og ressursar til fagleg påfyll gjennom systematisk etter- og vidareutdanning. Rektorer skal få tilbod om utdanning i skuleleiing. Det er viktig at skulane får midlar til vikarar, slik at tilbodet om etterutdanning faktisk vert reelt. Osterøy Venstre vil ha mindre bruk av rapportering og skjema i skulen. Lærarane må få tillit slik at dei får meir tid til undervisning, skuleutvikling og kontakt med elevane.

Osterøy Venstre vil behalde den vedtekne skulestrukturen som kommunen har i dag med fire barneskular. Desse skulane må utviklast slik at dei møter behovet i opptaksområdet. Ei løysing for å samle alle elevane frå opptaksområdet Valestrand / Hauge i eitt skulebygg må prioriterast høgt.

Osterøy Venstre vil jobbe for at det vert laga kvalitetskrav og rammeplan for Skulefritidsordninga (SFO). Me ønskjer å vurdere ulike løysingar som kan gje eit auka fritidstilbod for borna i sommarferien – gjerne ein kombinasjon av noko lengre opningstid ved SFO og tilbod frå lokale lag og organisasjonar.

Skulevegar må bli tryggare for elevane, anten ved skuleskyss eller ved bygging av fleire sykkel- og gangstiar. Osterøy Venstre vil ha ein ny gjennomgang av kva skulevegar som er farlege for barn, med ein tiltaksplan.



### **Osterøy Venstre vil:**

- *auke satsinga på rådgjevingsteneste i skulen, og styrke skulehelsetenesta*
- *jobbe for full barnehagedekning, og at ein for å nå dette målet også støttar private initiativ.*
- *behalda dei fire offentlege barneskulane som kommunen har i dag med fire opptaksområde etter nærskuleprinsippet.*
- *arbeida for at dei tilsette i skule og barnehage får tilbod om etterutdanning, og at det vert løyvd midlar til vikarar slik at utdanninga kan gjennomførast.*
- *vere positive til at delar av undervisningstilbodet ved vidaregåande skule er tilpassa det lokale næringslivet sine framtidige behov.*
- *sjå til at det vert laga kvalitetsskrav og rammeplan for SFO, og at denne vert etterlevd.*
- *jobbe for auka trafikktryggleik for skuleborn og ha ein ny gjennomgang av kva som er farleg skuleveg i kommunen.*



# Omsorg og folkehelse.

---

*Mål: Gode helsetenester til alle der hovudkjernen er eit godt offentleg tilbod, og at ideelle og private miljø bidreg til mangfald og variasjon.*

*Grunnlag: Me har eit felles ansvar for kvarandre, og me skal sørge for at alle kan ha gode og verdige liv. Retten til det gode liv er ikkje avgrensa av kor ein er fødd.*

Born skal ha ein trygg oppvekst på Osterøy. Venstre vil støtte tiltak som bidreg til utvikling av barnevernet og sikrar godt helsetilbod til barn og unge. Helsesøster og Familiens Hus har ei svært viktig rolle.

Me vil ha folk ut på tur! Me vil sikre at folkehelsekoordinatoren i kommunen har gode rammer for arbeidet sitt, og støtte tiltak som styrker friluftslivsinteresser for liten og stor, uansett ambisjonsnivå. Det er viktig å spele på lag med ulike lag og organisasjonar som gjer eit godt arbeid her.

Osterøy kommune har ikkje ei optimal ordning for legevakt, og kan misse ambulansestasjonen i nær framtid. Osterøy Venstre vil arbeide for ei ordning med legevakt- og ambulansesentral i samarbeid med Bergen kommune. Ein slik sentral kan serve Osterøy, Arna og delar av Vaksdal. Osterøy Venstre vil jobbe for at kjøretid mellom yttergrensene av kommunen til legevakt vert under ein time.

Kommunen skal ta imot fleire flyktningar – noko som Osterøy Venstre meiner er svært gledeleg. Det er viktig at dei får bustad ulike stader i kommunen, og at skulene tidleg er involvert. Osterøy Venstre ønskjer å støtte frivillige organisasjonar som involverer seg i integrering av flyktningane, og i særleg grad kvinnene. Det er viktig at kvinner tidleg kjem i arbeid, og barnehageplass for flyktningeborna må prioriterast.

Talet på eldre i kommunen aukar jamt. Mange har god helse, er aktive og er viktige ressurspersonar både for familiane og for nærmiljøa. Denne ressursen må takast betre vare på, og kan gjere kommunen sitt tilbod til eldre rikare og meir variert. Alle som treng pleie og omsorg skal få eit tilbod som held god kvalitet. Me ønskjer at kommunen har tilstrekkeleg med omsorgsbustader og plass i bufellesskap for dei som treng det.

For å unngå at pasientar utskrevne frå sjukehus vert «pakkepost» mellom sjukehus, heim og sjukeheim, ønskjer Osterøy Venstre ei styrking av kommunehelsetenesta og å sikre legedekninga ved Osterøytytunet. Det må vere eit mål at færre pasientar vert sende i retur til sjukehus, men blir ivaretakne i kommunen – jf. Samhandlingsreforma.

Osterøy Venstre vil ha fokus på korleis vi organiserer den lovfesta aktivitetsplikta for sosialhjelpsmottakarar, og ønskjer at det vert satsa på bruk av tilrettelagte arbeidsplassar for dei som treng det.



Osterøy Venstre vil argumentera for at det vert sett av areal og planlagt nytt symjebasseng med varmtvassbasseng. Dette vil både kunne fremje symjeopplæring i kommunen, og vere eit lenge etterspurd tilbod til funksjonshemma, eldre, og folk med ulike lidingar.

Det er eit grunnleggande prinsipp for oss at velferd skal målast etter korleis dei svakaste vert tekne vare på.

**Osterøy Venstre vil:**

- *arbeide for å få legevakt nærmere enn i dag - gjerne i kombinasjon med ein ambulansesentral.*
- *legge til rette for ein meir fleksibel og variert eldreomsorg*
- *samarbeide med frivillige lag og organisasjonar til å gjere kvarldagen lettare for dei som treng sosial kontakt, støtte og oppfølging.*
- *sikre gode høve for tilrettelagte arbeidsplassar*
- *jobbe for ei god integrering av flyktningar i lokalsamfunna*
- *innføre særlege tiltak for at kvinnelege flyktningar kan komme ut i arbeid*



# Miljø og klima.

---

*Mål: at kommunen er med i miljøløftet slik at klimagassutslepp vert reduserte og at ein legg til rette for ein framtidsretta grøn økonomi.*

*Grunnlag: Me har eit ansvar for miljøet og kommande generasjonar. Me skal ta vare på naturen, og dermed eksistensen vår.*

Ei av dei viktigaste bidraga Osterøy kommune kan gjere for miljøet er å ha berekraftig arealplanlegging som legg til rette for at innbyggjarane kan ta grøne val. Planlegging av glandene våre må ta omsyn til både miljø og menneske, men også vere tilpassa marknaden – nettopp for å sikre god berekraft.

God nærmiljø og attraktive lokalsamfunn er viktig. Dei ulike glandene har ulike utfordringar - enkelte opplever noko stagnasjon, medan andre har utfordringar knytt til trafikk og motstridande arealinteresser. Utfordringane må løysast i forståing for at Osterøy sine grender er varierte, og krev ulike grep. Ei utarming av nærmiljøa, der fleire vert avhengig av bil eller skyss for å få dekka tenestene sine er ikkje god miljøpolitikk. Osterøy Venstre vil jobbe for å motverke dette ved å bidra til ein grøn arealpolitikk.

Omsyn til miljø og grøne verdiar vil vere viktig for Osterøy Venstre, særleg når det gjeld vern av matjord, biologisk mangfald eller utbyggingspress mot friluftsområde.

Dyr har eigenverdi og skal behandlast med respekt. Osterøy Venstre vil bidra til at næringane forhindrar stress, skade og smerte hos dyr. Me støttar ei fornuftig rovdyrforvaltning som gjev levedyktige bestandar. Me vil ikkje støtte initiativ som medfører at pelsdyrnæringa i kommunen veks, og me ønskjer betre prosedyrar og arbeidsoperasjonar for oppdrettsnæringa. Dyrevelferd er viktig også i næringsverksemd.

Osterøy Venstre vil jobba for at det vert stilt strenge energikrav til nye offentlege bygg, at utvikling av sykkel- og gangstiar vert styrkt, og at arbeidet med ladestasjonar for elbil held fram. Kommunen sin bilpark må få fleire elbilar.

Osterøy Venstre ønskjer ei meir aktiv bruk av, og fornying av kommunedelplan for energi og klima med mål om å redusere det kommunale energiforbruket.

## **Osterøy Venstre vil:**

- *at kommunen skal ha fleire el-bilar som tenestebilar*
- *at det vert utbygd fleire ladestasjonar i kommunen*
- *arbeida for at det kjem fleire ladestasjonar ved togstasjonen i Arna*
- *at nye kommunale bygg som minstekrav vert lågutsleppshus*
- *at kommunen sine innkjøp skal vere miljømerka*
- *verne om matjorda med særleg fokus på kjerneområde landbruk*
- *ta vare på det biologiske mangfaldet, med særleg fokus på raudliste-arter*
- *støtte nærmiljøsatsingar i grender som opplever stagnasjon*



- *ha særleg fokus på trafikale grep som sikrar dei gåande og syklande*
- *stø opp om små og gode nærmiljø, bl.a. ved å bidra til at det vert lagt til rette for nærtjenester som butikk, skule og forsamlingshus.*



# Kollektivtransport og samferdsle.

---

*Mål: bidra til effektive kollektive løysningar og tryggare vegar.*

*Grunnlag: ein enklare, tryggare og meir miljøvenleg kvardag*

Osterøy inngår i ein felles arbeidsmarknad med Bergen, og har mange pendlarar. Å legge til rette for god og effektiv kollektivtransport til og frå Bergen er eit viktig grep for å få ned reiser med bil. Osterøy Venstre vil argumentere for gode og effektive togavgangar mellom Arna og Bergen, og for gode gjennomgåande bussruter mellom Osterøy og Arna med smidig korrespondanse med tog. Kollektive reiser frå Valestrand via Ole Bull–ferja er like viktig, og vil for mange pendlarar vere den raskaste og mest miljøvenlege reisemåten til og frå arbeid, ikkje minst til Åsane. Sambandet er også avgjerande for skuleelevar som skal til Knarvik. Osterøy Venstre vil jobbe inn mot fylkespolitikken for å medverke til at Skyss sine bussar framleis går via ferje, og dermed sikrar eit viktig grunnlag for sambandet.

Å ikkje berre ha ei, men *to*, gode og velfungerande transportårer til og frå kommunen er viktig med tanke på beredskap og tryggleik.

Osterøy har ein desentralisert busethadsstruktur med mange mindre grender. For å oppretthalda dei små nærmiljøa i utkantane må ein akseptera at bil framleis vil vere eit viktig framkomstmiddel i kommunen. For Osterøy Venstre er det eit mål at flest mogleg av innbyggjarane kan sykle eller gå i nærmiljøet sitt for å kome seg til skule, barnehage og nærbutikk. Dette krev ei fortetting av områdesentra i kommunen og ei gjennomtenkt plassering av daglegvarebutikkar i kommunen.

Gode bilvegar er viktig for trygg og sikker kommunikasjon. Vesetgjelet er ein flaskehals som ein stor del av trafikken på Osterøy må gjennom – og er særleg utfordrande for tungtrafikken. Osterøy Venstre meiner dette strekket er det viktigaste vegprosjektet i kommunen. For Haus – Bruvik ønskjer me opprusting og utbetringar langs særleg vanskelege strekk. Langs Fv. 567 nordaustover frå Lonevåg vil me ha vidare utbetringar slik at vegstrekket vert ei meir tenleg transportåre for næringslivet.

Det er tidlegare utgreidd fastlandssamband nordaust i kommunen frå Tysse til Vaksdal. Osterøy Venstre meiner at dette er eit samband som i eit langtidsperspektiv kan bli viktig, både for det lokale næringslivet, for reiselivssatsinga, og for beredskap og tryggleik langs vegane.

Utbygging av sykkel- og gangstiar sparer miljøet og er positivt for folkehelsa. Det må rettast ein særleg innsats inn mot barneskulane.



### **Osterøy Venstre vil:**

- *ha minst to transportårer til og frå kommunen*
- *at sambanda via bru og via ferje har god kollektivdekning*
- *jobbe for at fylkeskommunen opprettheld busstilbodet over ferjesambandet Valestrand-Breistein*
- *ha gjennomgåande bussruter til og frå Osterøy som ikkje har unødige stopp i Bergen kommune.*
- *jobba for eit godt togtilbod som også tener pendlarane frå Osterøy*
- *prioritera utbygging av veg i Vesetgjelet*
- *arbeida for fleire sykkel- og gangstiar - og særleg rundt barneskulane*



# Næringsliv.

---

*Mål: Å sikre det rike næringslivet i kommunen ved å jobbe for gode rammevilkår.*

*Grunnlag: Eit variert og nyskapande næringsliv er sjølve grunnlaget for velferdssamfunnet og det gode livet for enkeltindividene.*

Det er ein rikdom at Osterøy har eit mangfald av små bedrifter. Dette er ein kvalitet som ein skal ta vare på og utvikla vidare. Det som er bra for småbedrifter er også bra for dei store – men det motsette er ikkje alltid tilfellet.

Noko av det viktigaste for næringslivet er at kommunen har klare planar og strategiar for næringsareal. Langsiktig planlegging med trygge rammer gjer at det er lettare å få nytableringar og utvidingar. Næringsområdet på Espevoll er svært viktig å få ferdigstilt, slik at ein kan få utløyst potensialet som ligg i å vere ein del av ein Bergensregion som manglar areal til plasskrevjande næring.

Oppdrettsnæringa er viktig for Osterøy kommune og har stort vekstpotensial. Næringsna er utpeikt som ein av dei som kan redde verda frå matmangel. Samtidig har oppdrettsnæringa store utfordringar knytt til miljø og fiskehelse, der løysinga er teknologi som enno ikkje er på plass. Utvikling av denne teknologien må såleis gå hand i hand med vidare drift i næringa, samstundes som det må stillast strenge miljøkrav. Osterøy Venstre ønskjer ei vidare berekraftig utvikling velkommen og ser positivt på utprøvingane av lukka anlegg enten i sjø eller på land. Ved nye konsesjonar i fjordane rundt Osterøy vil Venstre vere særskipte. Dersom nye konsesjonar skal gjevast, må det setjast strenge miljøkrav.

Landbruket er ei viktig næring i kommunen, både som arbeidsplass, men også som premissleverandør for kulturlandskap, biologisk mangfald, matopplevingar, kortreist mat, reiseliv og som grunnlag for nærmiljø og trivsel. Osterøy Venstre vil bidra til trygg, miljøvenleg og langsiktig matproduksjon. Det viktigaste grepet er å sjå til at kjerneområde landbruk ikkje vert råka av nedbygging.

Osterøy Venstre meiner at reiseliv har potensial for å bli ei stor og god næring i kommunen, og vil vere positiv til utvikling av denne næringsgreina. Kommunen har variert natur og kulturlandskap, og kan tilby store opplevingar for tilreisande.

## Osterøy Venstre vil:

- prioritere og medverke til at næringsområdet på Espevoll vert ferdigstilt
- bidra til langsiktig planlegging som gjev trygge rammer for næringslivet
- jobba for eit godt samarbeid mellom næringsliv og vidaregåande skule
- vere positive til lokal produksjon av varer og at ein får lettare tilgang til desse.
- ha miljøkrav til eventuelle nye konsesjonar for oppdrett, med bruk av nye miljøvenlege løysingar



- jobbe for at reiselivet i større grad enn i dag vert inkludert som høyringspart i utbyggingssaker der grunnlag for reiseliv kan vere trua.
- stø opp om industrikonsulenten sitt arbeid i kommunen
- jobbe for at delar av selskapsskatten vert tilbakeført til kommunane som incentiv til næringsutvikling



# Kultur og idrett.

---

*Mål: eit rikt, aktivt og variert kulturliv med tilgang for alle.*

*Grunnlag: Politikk skal fremje livskvalitet og menneskeleg vekst. Det gode livet vert skapt gjennom kultur, åndsliv, frivillig arbeid og læring.*

Kulturuttrykk og kulturliv er ein sentral del av det å vere menneske. Det skapar trivsel, sjølvforståing, samhald, og store opplevingar. Kultur er med oss frå me er små born til me er gamle, og knyter band mellom generasjonar, folkeslag og grupper. Det er viktig at kulturliv og organisasjonar ikkje er kontrollerte av det offentlege, men lever i kraft av seg sjølv og utfordrar oss.

Osterøy har eit godt og rikt lags- organisasjons- og kulturliv. Ein finn ei god bredde i tilbod og aktivitetar; musikk, teater, museum, mållag, sogelag, gendaråd, ungdomslag, kristne organisasjonar og ikkje minst idrett. Lista over lag og organisasjonar er lang, og mangfaldet er særleg viktig. Dette er kvalitetar og verdiar i Osterøysamfunnet som me skal verdsette.

Osterøy er i endring med auka tilflytting. Lagslivet, organisasjonane og idretten skapar grobotn for at nye innbyggjarar raskare vert del av nærmiljøet der dei bur og gjev ny identitet og kjensle av å høyre til. I dette ligg moglegheiter ikkje berre for personleg vekst, men også ei styrking av nærmiljø og lokalsamfunn. Osterøy Venstre meiner dette er svært viktig, og ønskjer å bidra til at miljø som allereie finst, vert styrkt og vidareutvikla. Born og unge må prioriterast.

Idrettsmiljøet er ein stor ressurs for å få born og unge i aktivitet – og har ei viktig rolle i å bidra til god folkehelse og trivsel blant innbyggjarane.

## **Osterøy venstre vil:**

- jobbe for at kulturskulen får ein lågare eigendel. Eit snitt av det ein elles finn i Hordaland må vere målet.
- støtte opp om Osterøy museum som viktig kunnskapssenter og drivkraft
- vere positive til lagsarbeid retta mot born og unge – enten det er idrett, musikk eller kunst
- understreke nynorsk som kulturbærar og den viktigaste målforma i kommunen.



# Lokaldemokrati, medverknad og kommunereform.

---

*Mål: Ei open forvaltning som inviterer til medverknad frå innbyggjarane og ei trygging av lokaldemokratiet*

*Grunnlag: Politisk makt skal komme nedanfrå, og makt skal spreast og balanserast. Det offentlege skal vere upartisk, nøytralt og sterkt, men òg avgrensa.*

Det er heilt sentralt for Osterøy Venstre at ein har ei open forvaltning som inviterer til medverknad frå innbyggjarane. Me ønskjer meir debatt i det offentlege rom og at saker ikkje berre blir drøfta i formannskap og komitear. Osterøy Venstre ønskjer at politikarane i større grad involverer seg i prioriteringar og strategiar som kommunen skal gjere, og set dagsorden. Gode saksførebuingar der forvaltninga har hatt nok ressursar er viktig for å få godt opplyste saker. Derfor meiner Osterøy Venstre at me skal ha ein god og effektiv administrasjon med nok ressursar til kjerneoppgåvene sine. Ut over kjerneoppgåvene skal kommunen ha ei begrensa rolle.

Arbeid med kommunereforma vil vere ei stor og viktig oppgåve for Osterøy kommune i dei kommande åra. Kommunen ligg i ein krevjande geografisk posisjon – i mellomrommet mellom eit sterkt vekstområde i vest og eit område i aust som endrar og utviklar seg langt mindre. Likevel er Osterøy ein klar del av ein felles bu- og arbeidsmarknad med Bergen, og er rekna som ein naturleg del av Bergensregionen.

Vedteken regionalplan for senterstruktur i fylket har som overordna strategi at Indre Arna bør utviklast til eit regionssenter aust for Bergen som kan yte tenester til mellom anna Osterøy og Vaksdal. Osterøy Venstre meiner det er naturleg at Osterøy vert del av den same kommunen som Arna inngår i – enten det er ein del av Bergen, eller som del av ein ny kommune saman med Vaksdal. Osterøy Venstre vil ikkje gå inn for ein ny kommune utan Arna – då dette vil avskjere oss frå å vere del av den same forvaltingseininga som regionssenteret - med dei demokratiske følgjene dette får. Me står då i fare for å stå utan påverknadskraft på vårt eige regionssenter som skal levere varer og tenester til Osterøy, t.d. togtransport, mogleg også ambulansestenester og legevakt. Likeins vil ikkje Osterøy Venstre vere positive til at Osterøy kommune skal stå alleine med same kommunegrenser som i dag. Grunnen er at oppgåvene for kommunane i framtida vil bli større og meir omfattande, og Osterøy kommune er allereie i dag i ein krevjande situasjon i balansen mellom kommuneøkonomi og offentlege tenester.

Å bli del av noko langt større – og særleg Bergen, kan verka framandt. Men det er viktig å halda fast ved at Osterøy har sin eigen identitet som ikkje følger kommunegrenser.



Som øysamfunn vil me alltid oppleve å vere noko eige, og ha vår eigen identitet, sjølv innafor ein større kommune.

Osterøy Venstre vil bidra til ein diskusjon om sikring av lokaldemokrati og medverknad som ein særskilt viktig del av kommunereforma. Særleg om kommunen vert del av ein ny kommunen som inkluderer Bergen by, må det leggjast premiss om at lokaldemokratiske prinsipp må følgjast, t.d. ved kommunedelstyrer med politisk makt. Vidare vil Osterøy Venstre ha eit politisk regionalt nivå – dvs. større enn fylkeskommune er i dag. Målet med dette er at fleire statlege oppgåver kan leggjast til regionsnivå, og at fleire av dagens oppgåver i fylka kan leggjast til dei nye kommunane. Dette meiner me er ei sunn desentralisering av makt og oppgåver.

### **Osterøy Venstre vil:**

- *jobbe for at forvaltninga i alle nivå er inkluderande og open.*
- *vere ein pådrivar for gode prosessar. Vektlegge at lag og organisasjonar skal inkluderast.*
- *bidra til ei kommunereform der Osterøy vert del av ein større kommune som inkluderer Arna som regionssenter.*
- *arbeide for ei sikring av lokaldemokratiet ved t.d. kommunedelstyrer med politisk makt.*
- *støtte opp om ein politisk styrt Vestlandsregion større enn fylkeskommunen i dag*
- *arbeida for ei fordeling av oppgåver mellom stat, region og kommune, som inneber at kommunar og regionar får utvida ansvar og mynde.*